

## **Behovet for ein helhetleg OPPDATERT miljøstrategi i Skyss.**

Under handsaminga av klimaplan for Hordaland 2014 – 2030 vedtok fylkestinget 11.6.2014 at «klimaplanen skal leggjast til grunn for andre regionale planar i Hordaland» og at «innan 2025 skal kollektivsektoren så langt som råd er nytte framdriftsteknologi som er basert på fornybar energi».¹

Gjennom innstilling 147 S (2014–2015) frå energi- og miljøkomiteen på Stortinget den 29.01.2015 kjem det fram at det fleirtal på Stortinget for at:

- «Stortinget ber regjeringen endre regelverket for offentlige anskaffelser slik at det på alle fergestrekninger som settes ut på offentlig anbud, stilles krav om 0-utslippsteknologi der dette er teknisk mulig. Dersom det ikke er mulig, skal det stilles konkrete energi- og utslippskrav.
- Stortinget ber regjeringen endre regelverket for offentlige anskaffelser slik at det på alle kollektivanbud stilles krav om 0-utslippsteknologi der dette er teknisk mulig. Dersom det ikke er mulig skal det stilles konkrete energi- og utslippskrav.²

Kollektivselskapet Ruter i Oslo og Akershus har ein offensiv miljøstrategi. Målet er at i 2020 skal Ruter berre nytte fornybar energi til framføring av alle transportmiddel. Dei har laga ein konkret plan for korleis dei skal nå dette målet; den heter "Ruters Miljøstrategi 2014-2020".³

Skyss sin miljøstrategi vart vedteken i fylkesutvalet i 2013.⁴ Både det nye fylkestingsvedtaket om fornybar energi i kollektivsektoren innan 2025 og dei nasjonale signala om innskjerping av miljøkrava til kollektivsektoren tydar at det grøne skiftet i kollektivsektoren vil måtte skje i dei neste ti åra.

Dette gjer at det allereie er trøng for ei konkret **oppdatering** av Skyss sin miljøstrategi. Strategien må oppdaterast i samsvar med det skjerpa målet for 2025 som fylkestinget har vedteke. Den må innehalde ein konkret plan for korleis dette målet skal realiserast både teknisk og ikkje minst økonomisk for all busstransport, ferjer og snøggbåtar, til dømes slik Ruter har gjort for busstransporten i Oslo og Akershus. Bybanen og trolleybussen si rolle i strategien må også klargjerast. Det er etter vår mening naudsynt at denne strategien blir klargjort og lagt frem til behandling snarast og helst innan 2015 for å kunne vera ein offensiv og bindande strategi. Hordaland må vera ein foregangsfylke på dette grøne skiftet innan kollektivtransport.

Spørsmål:

1. Vil fylkesordføraren **snarleg** ta initiativ til å pålegge Skyss å utarbeide ein revidert og konkretisert miljøstrategi for både kortsiktige og langsiktige mål, i samsvar med fylkestingsvedtaket om at kollektivtransporten i Hordaland berre skal nytte fornybar energi i 2025, så langt råd er?
2. Om ikkje, kan fylkesordføraren på annet vis initiere eit slikt prosess, særleg med tanke på ferjer og snøggbåter i fylket, slik at fylkestinget har høve å fylgje opp sine eigne vedtatte klimamål?

MDG Hordaland,  
Natalia A. Golis

<sup>1</sup> <http://einnsyn.hfk.no/einnsyn/Utvalgsbehandling>ShowUtvalgBehandlingDocument/1580/Protokoll>

<sup>2</sup> <https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Publikasjoner/Innstillinger/Stortinget/2014-2015/inns-201415-147/1/>

<sup>3</sup> [https://ruter.no/Documents/Rapporter-dokumenter/Ruterrapporter/2014/4-2014\\_Ruters\\_Milj%C3%B8strategi\\_2014-2020\\_ver030914.pdf](https://ruter.no/Documents/Rapporter-dokumenter/Ruterrapporter/2014/4-2014_Ruters_Milj%C3%B8strategi_2014-2020_ver030914.pdf)

<sup>4</sup> [http://polsak.ives.no/polsak\\_filer/2013/FUV/2013058923-930407.PDF](http://polsak.ives.no/polsak_filer/2013/FUV/2013058923-930407.PDF)